

Til kommunane i Hordaland/Sogn og Fjordane
(kommunane som Konfliktrådet i Hordaland dekker)

v/ordfører / rådmann



Deres ref.

Deres dato

Vår ref.

Vår dato

2014/2561

30.juni 2014

Ønske om lokal samarbeidsavtale mellom kommunen og Konfliktrådet i Hordaland. Svarfrist 01.09.2014.

Ny lov om konfliktrådsbehandling (konfliktrådslova), ble vedtatt av Stortinget den 16.06.2014 og trer i kraft den 1. juli d.å., jf. Prop 135 L (2010-2011) og Prop 57 L (2013-2014). Til informasjon, sjå vedlagd link: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/regpubl/prop/2013-2014/Prop-57-L-20132014.html?id=754374>
I konfliktrådslova er det heimla 3 nye straffereaksjonar basert på ungdommen sitt samtykke til deltaking. Ungdomsstraff og ungdomsoppfølging er straffereaksjonar for ungdom mellom 15 – 18 år som har begått alvorleg og/eller gjentatt kriminalitet. Oppfølging i konfliktråd er ein straffereaksjon som kan rettast mot personar over 18 år.

Ungdomsstraffa idømmast av domstolen og er ein alternativ reaksjon til ubetinga fengselsdom. Ungdomsoppfølging kan gis som vilkår ved betinga dom, påtaleunnlating med vilkår og som overføring etter straffeprosessloven § 71 a, nytt annet ledd.

Målgruppe for ungdomsstraffa og ungdomsoppfølging er ungdom som har begått alvorleg og/eller gjentatt kriminalitet og som bor innafor Konfliktrådet i Hordaland sine geografiske grenser. Målet er å førebygge kriminalitet og at ungdommen skal få hjelp til å meistre eit betre liv utan kriminalitet. Ungdomsstraffa og ungdomsoppfølging består av; gjennomføring av ungdomsstormøte (gjenopprettande prosess), utarbeiding av ein individuell tilpassa ungdomsplan og oppfølging av planen (oppfølgingsteam) med varighet 0,5 – 2 (3)år. Straffereaksjonane er basert på ungdommen sin deltaking, forpliktande tverrtatleg samarbeid, samt langvarig oppfølging av ungdommen gjennom skreddarsydde tiltak.

Konfliktrådet er tildelt ansvaret for gjennomføring av ungdomsstraffa, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd. Dette arbeidet er tufta på eit tett og forpliktande samarbeid med relevante offentlege og private instansar for å kunne lukkast. Det er tilsett ein ungdomskoordinator ved Konfliktrådet i Hordaland som vil ha hovudansvaret for å koordinere gjennomføring av ungdomsstraffa og ungdomsoppfølging. Organisering av arbeidet vil skje på to plan; Ressursgruppe på overordna leiarnivå og Koordineringsgruppe(er) på lokalt handlingsnivå. Organisasjonsoversikt vedlegg 1.

Ressursgruppe.

Ressursgruppa har eit overordna ansvar for å implementere ordninga og skal behandle strategiske og overordna spørsmål og utfordringar. Ressursgruppa består av leiarar på høgare nivå innanfor aktuelle kommunale, fylkeskommunale, statlege og andre relevante instansar. Ressursgruppa sitt mandat er å følgje med på utviklinga i arbeidet, gi legitimitet og bidra til å finne løysingar på eventuelle problem som kan oppstå. Ressursgruppa skal sjå til at arbeidet drivast innanfor vedtekne lover, føresegner, prinsipp og avtalar.

Koordineringsgruppe (r) (KOG).

Koordineringsgruppa har deltakarar på lokalt handlingsnivå. Denne gruppa skal bestå av ungdomskoordinator ved konfliktrådet, representantar frå politi, påtale, barnevern, kriminalomsorga/ friomsorgskontoret og andre relevante instasar. Primær oppgåva til koordineringsgruppa er å vurdere ungdommar som kan vere eigna for ungdomsstraff og ungdomsoppfølging. Denne gruppa skal og kartlegge og vurdere aktuelle tiltak og ressurspersonar som kan være aktuelle i oppfølgingsteamet rundt den einskilde ungdom. Det er i første omgang etabler ei koordineringsgruppe i Hordaland. Det kan bli aktuelt å opprette fleire koordineringsgrupper. Der ei koordineringsgruppe dekker fleire kommunar, vil representantar for den einskilde kommune måtte kunne trekkast inn for å kartlegge kva slags tilbod kommunen kan tilby, anten ved å møte i koordineringsgruppa eller ved kontakt mellom ungdomskoordinator og kommunen i forkant.

Giennomføring

Etter gjennomføring av ungdomsstormøte og inngåing av ungdomsplan får kvar ungdom eit oppfølgingsteam rundt seg. Eit slikt team består ofte av representantar frå politi, barnevern, rusomsorg, skole, helseteneste, kriminalomsorga, samt ungdommen sjølv, sine verge og andre frå ungdomen sitt nettverk som t.d slektningar og representantar frå lag- og organisasjonar. Teamet blir leia av ungdomskoordinator ved konfliktrådet. Ungdommen skal vere aktiv deltakar i prosessen og teamet har ansvaret for at oppfølginga er mest mogleg konkret og gjennomførbar. Teamet har faste møtedagar for å evaluere avtalen, samt revidere den ved behov. Deling av informasjon i koordineringsgruppa og oppfølgingsteam er basert på ungdommen og verge sitt samtykke til dette og den einskilde representant sin tieplikt. Oppfølgingsteam skal vurdere eventuelle brot på avtalen og konsekvensar av brotet. Brot på avtalen vil medføre ulike former for reaksjon overfor ungdommen. Det gjelder eigne reglar for brot i samband med ungdomsstraffa og ungdomsoppfølging.

Samarbeidsavtale

For at samarbeidet mellom etatane skal fungere godt og utan lang sakshandsamingstid. Ønsker konfliktrådet å inngå samarbeidsavtale med den einskilde kommune i vårt distrikt. Det er først og fremst i oppfølgingsteama at representantar frå kommunane vil delta i ordninga. For å kunne iverksette tiltak rundt unge lovbrutarar er deltaking frå kommunen sin barnevern teneste i oppfølgingsteam av stor betydning. Barnevern tenesta har i dei fleste sakene som omhandlar ungdom som begår alvorleg og/eller gjentatt kriminalitet, kjennskap til ungdommen frå før. Ofte har dei ein aktiv sak hos barnevernet og i nokre høve er hjelpetiltak satt inn overfor ungdommen og denne sin familie. Barnevern tenesta er som regel godt kjent med ungdommen sine ressursar og nettverk og kan gi innspel til eit best mogleg innhald i oppfølgingsavtalen. I tillegg til at barnevernet er viktig aktør, er og skole, helsetenesta, kultur/fritid og rusomsorga aktuelle samarbeidspartar.

Vi ønsker at en samarbeidsavtale blir underskreve av leiinga i kommunen slik at den forpliktar dei ulike etatane i kommunen og slik at det blir uproblematisk å inngå samarbeid med desse om konfliktrådet får overført ei sak med ungdom i frå kommunen som gjeld ungdomsstraff, ungdomsoppfølging eller oppfølging i konfliktråd. Forslaget til samarbeidsavtale sendast i to eksemplar som begge er underteikna frå konfliktrådet sin side. Dersom kommunen finner å kunne underteikne avtalen, kan eit eksemplar underteiknast og returnerast til Konfliktrådet i Hordaland. Det andre eksemplaret kan behaldast. Om kommunen ønskjer meir informasjon før ein vil ta stilling til samarbeidsavtalen, kan konfliktrådsleiar og ungdomskoordinator gjerne komme til ein samtale for å utdjupe behovet for kommunal deltaking i dette arbeidet.

Vennleg helsing



Terje Chr. Myklebust

Konfliktrådsleiar/Konfliktrådet i Hordaland

JUSTIS- OG BEREDSKAPSPARTEMENTET

SEKRETERIET FOR KONFLIKTRÅDENE

Direktør/leder + Nestleder

ADMINISTRASJONSENHET IT-ENHET INFORMASJONSENHET

FAGENHET

Nasjonal koordinator

Ketil Leth Olsen og Lasse Rolén

KONFLIKTRÅDET I HORDALAND

Konfliktrådsleder Terje Chr. Myklebust

UNGDOMSKOORDINATOR

Kirvil Øvstebø Grini (permisjon) og Nina Fossdal (vikariat), Konfliktrådet i Hordaland

KOORDINERINGSGRUPPE 1 (KOG)

- Ungdoms koordinator, Konfliktrådet i Hordaland
- Påtaleenhet – Hordaland politidistrikt
- Politi – Hordaland politidistrikt
- Barneverntjeneste – Bergen kommune
- Friomsorgskontoret (Bergen) + event. andre....

UNGDOMSSTORMØTE

UNGDOMSPLAN

OPPFØLGINGSTEAM

UNGDOMSSTORMØTE

UNGDOMSPLAN

OPPFØLGINGSTEAM

UNGDOMSSTORMØTE

UNGDOMSPLAN

OPPFØLGINGSTEAM

RESSURSGRUPPE I HORDALAND

Konfliktrådsleder (leder)

- Ungdoms koordinator (sekr.)
- 1 repr. Hordaland politidistrikt
- 1 repr. Bergen kommune
- 1 repr. Statsadvokatene i Hordaland
- 1 repr. Hordaland Fylkeskommune
- 1 repr. Fylkesmannen i Hordaland
- 1 repr. Kriminalomsorgen region vest
- 1 repr. Kommunenes sentralforbund / KS
- 1 repr. NAV Hordaland
- 1 repr. Heise –Bergen
- 1 repr. BUFETAT

Samarbeidsavtale

Ungdomsstraff, Ungdomsoppfølging og Oppfølging i konfliktråd.

Ny Lov om konfliktrådsbehandling (konfliktrådsloven), ble vedtatt av Stortinget 16.06.2014, og trer i kraft den 1. juli 2014, jfr. Prop 135 L (2010-2011) og Prop 57 L (2013-2014). I konfliktrådsloven er det hjemlet 3 nye straffereaksjoner; Ungdomsstraff og Ungdomsoppfølging er straffereaksjon for ungdom mellom 15 og 18 år som har begått alvorlig og/eller gjentatt kriminalitet. Oppfølging i konfliktråd er en straffereaksjon som kan rettes mot personer ver 18 år.

Målsettingen med reaksjonene er å forebygge nye lovbrudd og motvirke en videre kriminell utvikling på individnivå.

Metoden forutsetter gjensidig forpliktende samarbeid mellom aktuelle offentlige tjenester og faggrupper.

Konfliktrådet er ansvarlig for tiltaket og koordinerer arbeidet. Ungdomsordinator ved konfliktrådet har koordineringsansvar som gjelder Ungdomsstraff og Ungdomsoppfølging.

Det er påtalemyndigheten eller domstolen som overfører straffesaker til konfliktrådet. Ungdomsstraff, Ungdomsoppfølging og Oppfølging i konfliktråd er frivillige straffereaksjoner og det kreves samtykke fra ungdommen og verge.

Det tverrfaglige oppfølgingsteamet som skal følge opp den enkelte ungdom kan bestå av representanter fra politi, barnevern, skole og andre aktuelle etater og institusjoner. Det inngås avtale med hver enkelt ungdom om innhold og tiltak i perioden. Avtalen stiller krav til ungdommen om gjennomføring. Likeledes stiller avtalen krav til det offentlige støtteapparatet som deltar i oppfølgingsteamet om å bidra til å gjennomføre de tiltak det er enighet om i avtalen. Oppfølgingsteamene skal benytte allerede eksisterende tiltaksapparat i stat og kommunesektor som ungdommen allerede har krav på.

Reaksjonene Ungdomsstraff og Ungdomsoppfølging er tredelt:

- Ungdomsstormøte – (gjenopprettende prosess)
- Utforming av en ungdomsplan og etablering av ungdomsteam
- Gjennomføring av planen

"..... kommune forplikter seg med denne avtalen til å samarbeide og tilrettelegge tiltak som er avtalt i hvert enkelt tilfelle. Avtalen trer i kraft ved signering og inntil videre."

Konfliktrådet i Hordaland
Bergen, 30.06.2014

.....kommune
Sted/dato:.....



Terje Chr. Myklebust/konfliktrådsleder

Samarbeidsavtale

Ungdomsstraff, Ungdomsoppfølging og Oppfølging i konfliktråd.

Ny Lov om konfliktrådsbehandling (konfliktrådsloven), ble vedtatt av Stortinget 16.06.2014, og trer i kraft den 1. juli 2014, jfr. Prop 135 L (2010-2011) og Prop 57 L (2013-2014). I konfliktrådsloven er det hjemlet 3 nye straffereaksjoner; Ungdomsstraff og Ungdomsoppfølging er straffereaksjon for ungdom mellom 15 og 18 år som har begått alvorlig og/eller gjentatt kriminalitet. Oppfølging i konfliktråd er en straffereaksjon som kan rettes mot personer ver 18 år.

Målsettingen med reaksjonene er å forebygge nye lovbrudd og motvirke en videre kriminell utvikling på individnivå.

Metoden forutsetter gjensidig forpliktende samarbeid mellom aktuelle offentlige tjenester og faggrupper.

Konfliktrådet er ansvarlig for tiltaket og koordinerer arbeidet. Ungdomskoordinator ved konfliktrådet har koordineringsansvar som gjelder Ungdomsstraff og Ungdomsoppfølging.

Det er påtalemyndigheten eller domstolen som overfører straffesaker til konfliktrådet. Ungdomsstraff, Ungdomsoppfølging og Oppfølging i konfliktråd er frivillige straffereaksjoner og det kreves samtykke fra ungdommen og verge.

Det tverrfaglige oppfølgingsteamet som skal følge opp den enkelte ungdom kan bestå av representanter fra politi, barnevern, skole og andre aktuelle etater og institusjoner. Det inngås avtale med hver enkelt ungdom om innhold og tiltak i perioden. Avtalen stiller krav til ungdommen om gjennomføring. Likeledes stiller avtalen krav til det offentlige støtteapparatet som deltar i oppfølgingsteamet om å bidra til å gjennomføre de tiltak det er enighet om i avtalen. Oppfølgingsteamene skal benytte allerede eksisterende tiltaksapparat i stat og kommunesektor som ungdommen allerede har krav på.

Reaksjonene Ungdomsstraff og Ungdomsoppfølging er tredelt:

- Ungdomsstormøte – (gjenopprettende prosess)
- Utforming av en ungdomsplan og etablering av ungdomsteam
- Gjennomføring av planen

”..... kommune forplikter seg med denne avtalen til å samarbeide og tilrettelegge tiltak som er avtalt i hvert enkelt tilfelle. Avtalen trer i kraft ved signering og inntil videre.”

Konfliktrådet i Hordaland
Bergen, 30.06.2014

.....kommune
Sted/dato:.....

Terje Chr. Myklebust/konfliktrådsleder